



Kartverket Tinglysing  
Postboks 600  
3507 HØNEFOSS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1555 - 17/19798

Saksbehandlar:  
Tommy Veland  
TVE@lindas.kommune.no

Dato:  
29.06.2017

## Retting av matrikkel og grunnbok vedk hus i Hillesvågskaret

Spørsmål om G.nr.202 B.nr.1-4

Har fått ei vanskeleg sak inn som eg er veldig usikker på korleis den kan løysast. Eigarane av G.nr.202 B.nr.1-4 på Hjelmås har i brev bede om at Lindås kommune rettar matrikkelen ettersom dei har funne feil i matrikkelen og skjøte på festetomter.

Påstandane er nok korrekte, men me kan ikkje utan vidare gjera desse endringane.

Vedlegg 9 er tinglyst skjøte på feste nr 4. som eigarane påstår ikkje eksisterer som eigedomsteig, viser til vedlagt brev. I skjøte er dette feste nr.4 av gården 202, men her er det ikkje oppgjeve noko bruksnummer, så det må vera feil.

Vedlegg nr 10 er tinglyst skjøte på same eigedom, men no er den oppgjeve som G.nr.202 B.nr.1 f.nr.4

I følgje grunneigarane er det som viser i matrikkelen som G.nr.202 B.nr.1 f.nr.4 eigentleg **f.nr.3**, om dette er rett er dette same eigedom som Hillevåg Ullvarefabrikk har som arvefesterett.

I grunnboka viser det at G.nr.202 B.nr.1 f.nr.4 og f.nr.3 har ulik pant på eigedomane, så det gjer det vanskeleg å få orden på desse eigedomane utan å få hjelp.

Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar Geodata

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Vedlegg:**

Retting av matrikkel og grunnbok vedk hus i Hillesvågskaret

Utdrag frå utskriftsforretning

3 stk skjøte på hus

Utskrift frå pantebøkene

Utskrift frå grunnbok - gbnr 202/4

Avskrift av festekontrakt frå 1898, tinglyst 1899

Utdrag frå utskiftningskart

Matrikkelinformasjon frå Kartverket

Kart som viser bygningsnr

Kopi av skjøte på huset i Hillesvågskaret frå Martin Myhr til Hillesvåg Ullvarefabrikk

Seinare skjøte på samme hus - utstedt i 2002

**Mottakarar:**

Kartverket Tinglysing

Postboks 600

3507

HØNEFOSS